

1 VEDTEKTER FOR VESTLAND VENSTRE 2023

2 Nynorsk versjon av normalvedtekter for fylkes- og regionlag av Venstre, **med vedtekne**
3 **endringar frå fylkesårsmøtet 11.-12.mars 2023. Med etterhald om godkjenning frå**
4 **sentralstyret.**

5 § 1. FORMÅL

6 Formålet til Vestland Venstre er å arbeide aktivt for Venstre sine saker i fylket i samsvar med
7 Venstre sine hovudvedtekter og Venstre sitt program.
8

9 § 2. MEDLEMSKAP

10 Personar over 15 år som ikkje er medlem i noko anna parti, og som deler Venstre sitt
11 grunnsyn, kan bli medlem av Venstre.
12

13 Medlemskap får ein frå det tidspunkt ein melder seg inn. Medlemsrettane oppstår når
14 kontingenent er betalt.
15

16 Samla kontingenent vert fastsett av Venstre sitt landsmøte og gjeld også Vestland Venstre.
17 Vestland Venstre kan rapportere inn tilleggskontingenent etter vedtak på årsmøtet. Landsmøtet
18 fastset kven som har rett til redusert kontingenent.
19

20 Medlemskap, og dei rettar medlemskap gjev, får ein berre i eitt lokallag, og medlemmen kan
21 berre vere med å behandle og stemme over same sak i eitt lokallag. Det einskilde medlem
22 kan sjølv velje kva lokallag ein vil vere medlem i.
23

24 Rettar som medlem kan berre utøvast personleg.
25

26 § 3. ORGANISASJON

27 Venstre består av partiet sine medlemmer organisert gjennom lokallag, fylkeslag og partiet
28 sin nasjonale organisasjon.
29

30 Venstre sine partiorgan i fylka er fylkesstyret og fylkesårsmøtet.
31

32 Vestland Venstre har følgjande tilknytte sjølvstendige og likestilte organisasjoner som er
33 representert i Vestland Venstre sine organ og omtalt i desse vedtekter dersom
34 organisasjonane er aktive: Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale studentar og Vestland
35 Venstrekvinnelag. Vestland Venstre er tilknytt Venstres Studieforbund (VS).
36

37 Begge kjønn skal, som ein hovudregel, vere representert med minst 40 prosent i Vestland
38 Venstre sine styre, utval, komitéar og delegasjonar til Venstre sine landsmøte.
39

40 Folkevald for Vestland Venstre blir ein berre ved å stille til val på Vestland Venstre sine
41 vallister og på Venstre sitt program. Har ein stilt til val på Vestland Venstre sitt program så er
42 dette den kontrakten ein har med veljarane.
43

44 Vestland Venstre sine partiorgan kan ikkje instruere folkevalde som er innvalde for Vestland
45 Venstre utover det programmet dei er valde på. Dersom det er punkt i eit partiprogram ein
46 folkevald ikkje kan følgje, er den folkevalde forplikta til å informere vedtaksorganet om dette.
47

48 Vestland Venstre sine folkevalde representantar pliktar å skape gode politiske prosessar og
49 lytte til innspel frå eige parti.
50

51 Vestland Venstre sine folkevalde representantar i fylkestinget dannar si eiga gruppe med
52 styre og gruppereglement.
53

1 **Protokollar**

2 Møteprotokollar frå fylkeslaget vert sendt til alle som er innkalla til møta og til Venstres
3 Hovudorganisasjon.

5 **Voteringsreglar i fylkeslaget**

6 Møteleiaren foreslår korleis voteringane skal gå føre seg. Vedtak i andre saker enn dei som
7 gjeld vedtektsendringar gjerast med fleirtalsvedtak. Dersom stemmetala for og mot i ei sak er
8 like vert det ei ny voting. Ved andre gongs stemmelikskap blir innstillinga ståande.

10 Ved personval og nominasjonar krevst over halvparten av dei gjevne stemmene for å bli
11 vald. Oppnår ein ikkje dette ved første gongs voting, fell den av kandidatane med færrest
12 stemmer ut. Det vert gjennomført nye valomgangar inntil éin av kandidatane har fått over
13 halvparten av dei gjevne stemmer. Ved stemmelikskap gjer ein ny voting. Ved andre gongs
14 stemmelikskap vert det loddtrekking.

16 Dersom resultatet ved andre former for personval blir likt stemmetall, skal det gjennomførast
17 loddtrekking.

19 Personval skal vere skriftleg dersom minst éin person krev det. Stemmesetlar ved val skal
20 innehalde det same tal namn som det tal personar som skal veljast.

22 **§ 4. FYLKESSTYRET**

23 Fylkesstyret leiar Venstre sitt arbeid mellom fylkesårsmøta i samsvar med vedtekten og dei
24 vedtak som blir fatta av fylkesårsmøtet. Fylkesstyret møtest minst fire gonger mellom kvart
25 ordinære fylkesårsmøte og elles så ofte som leiaren eller 40 % av fylkesstyremedlemmene
26 skriftleg krev det. Fylkesstyret kan gjere vedtak når minst halvparten av
27 fylkesstyremedlemmene, deriblant fylkesleiaren eller ein av nestleiarane, er til stades.

29 Fylkesleiaren kallar fylkesstyret saman og leiar møta.

30 Fylkesstyremøta er i utgangspunktet opne.

32 Fylkesstyret består av fylkesleiar og minst fire fylkesstyremedlemmer vald av fylkesårsmøtet.
33 I tillegg har styret eit medlem vald av Vestland Unge Venstre, eit medlem vald av Vestland
34 Liberale studentar, eit medlem vald av Vestland Venstrekvinnelag og eventuelt medlemmer
35 vald av andre sideorganisasjonar i Vestland. Det er ein føresetnad for representasjonsretten
36 at den tilknytta organisasjon har avhalde årsmøte same år som fylkesårsmøtet eller året før
37 dette. Leiaren for Venstre si fylkestningsgruppe tiltrar styret utan stemmerett.

39 Fylkesstyret pliktar å følgje opp vedtekten og har ansvar for fylkeslaget sin økonomi,
40 nettsider, politikkaping, informasjonsverksemd, skolering, medlemsvervning og ekstern
41 verksemd. Fylkesleiar teiknar for laget.

43 Fylkesstyret kan oppnemne eigne utval og komitéar til å ta seg av særskilte oppgåver, som
44 for eksempel valkamputval, skoleringsutval, programkomité og nominasjonskomité. Tilknytte,
45 aktive sideorganisasjonar i fylket har rett på ein representant kvar i desse utvala. Dei
46 nemnder/utval som fylkesstyret oppnemner
47 skal fortrinnsvis skal ha ei samansetting med oddetal. Om nemnda/utvalet endar oppmed
48 eit partal av medlemmer, så skal utvalsleiar ha avgjerande dobbeltstemme ved
49 stemmelikskap.

51 Fylkesstyret har ansvar for å stifte nye lokallag og å følgje opp dei eksisterande lokallaga sitt
52 arbeid. Vidare skal fylkesstyret bidra til at det vert utarbeidd lokale valprogram og at det vert
53 stilt vallister for Venstre i alle kommunar i fylket.

1 Fylkesstyret skal i mellomvalsår før stortings- og fylkestingsval sette i gang ein open
2 nominasjonsprosess og sørge for at nominasjonsmøtet vert halde innan utgangen av februar
3 (i valåret).

4
5 I fylkestingsvalår sørger fylkesstyret for at det vert oppnemt ein programkomité som i god
6 tid før fylkesårsmøtet skal utarbeide eit forslag til eige valprogram for Venstre i fylket.

7
8 Etter eit fylkestingsval kallar fylkesstyret inn dei representantane som har blitt folkevald for
9 Venstre i fylkestinget til konstituerande møte, men dei folkevalde konstituerer seg sjølv og vel
10 sin gruppeleiar.

11
12 Fylkesstyret kan oppnemne eit arbeidsutval som førebud saker til handsaming i fylkesstyret
13 og følgjer opp vedtak fatta av fylkesstyret. Arbeidsutvalet skal ha eit klart mandat som vert
14 vedteke av fylkesstyret. Arbeidsutvalet består av leiaren og to medlemmer vald av og blant
15 fylkesstyremedlemmene. Protokoll frå arbeidsutvalet sine forhandlingar skal sendast til
16 fylkesstyret sine medlemmer og varamedlemmer. Merknader til protokollen må leggast fram
17 seinast på neste fylkesstyremøte.

18 19 § 5. FYLKESÅRSMØTET

20 Fylkesårsmøtet er høgaste myndighet i fylkeslaget og skal haldast innan utgangen av
21 mars kvart år. Fylkesstyret kallar inn til møtet med minst ein månads varsel. I innkallinga
22 skal det setjast ein frist for påmelding og for å fremme forslag til politiske uttaler og andre
23 forslag ein ønskjer å ta opp til handsaming på fylkesårsmøtet. Fylkesårsmøtet skal berre
24 behandle dei saker som er sett opp på sakslista for møtet.

25
26 Ekstraordinært fylkesårsmøte kan haldast når fylkesstyret vedtek det eller når minst ein
27 tredel av lokallaga skriftleg krev det. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle den eller
28 dei saker som er gitt i innkallinga til møtet.

29 Tid og stad vert fastsett av fylkesstyret. Møtet skal innkallast med minst 10 dagars varsel.

30 Dei valde delegatane til det ordinære årsmøtet er delegatar til det ekstraordinære.

31 Saksdokument skal sendast lokallag/påmeldte delegatar minst 7 dagar før årsmøtet.
32 Innkomne forslag som kjem inn etter den fastsette fristen må få 2/3 fleirtal på fylkesårsmøtet
33 for å bli tatt opp til behandling på fylkesårsmøtet.

34
35 Fylkesårsmøtet består av fylkesstyret sine årsmøtevalde medlemmer og av delegatar vald av
36 lokallagsårsmøta i Venstre etter følgjande reglar:

37 a) Tal på medlemmer i lokallaga:

38 Inntil 25 medlemmer: 1 delegat

39 26-50 medlemmer: 2 delegatar

40 51-100 medlemmer: 3 delegatar

41 Vidare 1 delegat for kvar påbegynt 50 medlemmer.

42 og

43 b) Stemmetal i den enkelte kommune ved siste halde val i fylket:

44 Inntil 150 stemmer: 1 delegat

45 For overskytande tal inntil 1.900; ein delegat for kvar påbegynt 250

46 For overskytande tal inntil 7.900; ein delegat for kvar påbegynt 400

47 For ytterlegare overskytande tal; ein delegat for kvar påbegynt 700

48
49 Medlemstalet vert rekna per 31. desember og berre betalande medlemmer reknast med.

50 I kommunar utan lokallag, men der det er gitt stemmer for Venstre ved valet, tar

1 fylkesårsmøtet stilling til kven som kan representere kommunen på grunnlag av stemmetal.
2 Delegatar frå lokallag skal ha fullmakter underskrivne av leiar i lokallaget.

4 Dernest har dei tilknytta organisasjonane Vestland Unge Venstre, Vestland Liberale
5 studentar og Vestland Venstrekvinnelag, i tillegg til sin styrerrepresentant, **rett på**
6 **representasjon etter tal medlemmar per 31.12.:**

7 **Inntil 25 medlemmer: 1 delegat**

8 **26-50 medlemmer: 2 delegatar**

9 **51-100 medlemmer: 3 delegatar**

10 **Vidare 1 delegat for kvar påbegynt 50 medlemmer.**

11 Det er ein føresetnad for representasjonsretten at laga har halde årsmøte same år som
12 fylkesårsmøtet eller året før dette.

14 Venstre sine fylkestingsrepresentantar, stortingsrepresentantar frå fylket og statsrådar frå
15 fylket har tale- og forslagsrett på fylkesårsmøta.

17 Fylkesårsmøtet er i utgangspunktet eit ope møte.

19 **Konstituering**

20 Fylkesårsmøtet vert opna av fylkesleiaren som leiar konstitueringa av møtet der følgjande
21 skal veljast:

- 22 • Møteleiarar
- 23 • Fullmaktskomité med leiar og to medlemmer som gir innstilling om godkjenning av
24 delegatane sine fullmakter til fylkesårsmøtet.
- 25 • Møtesekretærar og -referantar.
- 26 • Teljekorps.
- 27 • Redaksjonskomité for politiske uttaler.
- 28 • To personar til å underskrive protokollen.

30 Protokollen skal vere underskriven og tilgjengeleg seinast éin månad etter fylkesårsmøtet.
31 Endeleg godkjenning av protokollen skjer i det første fylkesstyremøtet etter fylkesårsmøtet.

33 **Val**

34 Fylkesårsmøtet skal foreta val av:

36 **Fylkesstyre**

37 **Kwart fylkesårsmøte vel eit styre** med minst 5 medlemmer, der det skal vere:

- 38 • Fylkesleiar
- 39 • Éin eller to fylkesnestleiarar
- 40 • Minst to eller tre fylkesstyremedlemmer
- 41 • Inntil 5 varamedlemmer

43 **Dersom eit eller fleire styremedlemer vel å trekka seg frå styret før perioden er ferdig,**
44 **rykker varamedlemar hierarkisk opp til fast plass. I tilfellet at ein ynskjer å supplere**
45 **styret skal valnemda lage ei innstilling som vert lagt fram for eit omframt eller ordinært**
46 **fylkesårsmøte.**

48 **Revisor**

49 Det første og tredje ordinære fylkesårsmøtet i stortingsperioden vel revisorar til å stå for
50 revisjon av fylkeslaget sin rekneskap. Revisorane kan ikkje ha andre verv i fylkeslaget.

52 **Landsmøtedelegatar**

53 Kvart fylkesårsmøte vel delegatar og varadelegatar til landsmøtet i Venstre i tråd med tildelt
54 tal på utsendingar.

56 **Valkomite**

- 1 **Kvar fylkesårsmøte vel ein valkomité etter forslag frå fylkesstyret.** Komiteen består
2 av leiar, to eller 4 medlemmer og fire varamedlemmer.
3 **Ein valkomité fungerer som valkomité inntil fylkesårsmøtet har valt ein ny**
4 **valkomité.**
- 5

1 varamedlemmer, som på det etterfølgjande fylkesårsmøtet legg fram forslag til val av
2 fylkesstyre, revisor og delegatar til landsmøte i Venstre. Ingen av medlemmene eller
3 varamedlemmene i det sittande fylkesstyre kan vere medlemmer eller varamedlemmer til
4 valkomitéen.

5

6 **Andre arbeidsoppgåver**

7 Alle ordinære fylkesårsmøte skal:

- 8
- 9 Behandle årsmelding og årsrekneskap frå fylkesstyret. Årsmeldinga og årsrekneskapen
10 følgjer kalenderåret.
 - 11 Fastsette fylkeslaget sin sats for medlemskontingent for det etterfølgjande kalenderår.
 - 12 Behandle forslag til mål, strategiar og hovudretningslinjer for fylkeslagets verksemd frå
13 fylkesstyret.
 - 14 Behandle og stemme over andre saker som er fremma i samsvar med vedtekten.
 - 15 I stortingsvalår skal fylkesårsmøtet behandle og eventuelt fremme endringsforslag til
16 utkast til stortingsvalprogram.
 - 17 I valår skal fylkesårsmøtet behandle og vedta ein plan for fylkeslaget sin valkamp.
 - 18 I fylkestingsvalår skal fylkesårsmøtet (eller etter vedtekten for det enkelte fylkeslag eit
19 anna representativt møte i fylkeslaget) behandle og vedta eige valprogram for Venstre i
20 fylket.

21

22 **§ 6. NOMINASJON**

23 Nominasjonsmøtet er samansett og har same representasjon som fylkesårsmøtet.

24

25 For fylkeslag som vel å halde nominasjonsmøtet i november eller desember året før val, skal
26 det takast utgangspunkt i medlemstalet per 1. november same år som nominasjonsmøtet
27 vert halde.

28 Nominasjonsmøtet vert konstituert på same måte som fylkesårsmøtet.

29 Val av delegatar frå lokallaga skjer på lokallagsårsmøte eller eige medlemsmøte i det enkelte
30 lokallag. Slik lokalt medlemsmøte skal kallast inn med 14 dagars varsel gjennom skriftleg
31 invitasjon til alle medlemmer i lokallaget.

32

33 **§ 7. ENDRINGAR I VEDTEKTENE**

34 Ved endring av desse normalvedtekten må fylkeslaget behandle sine eigne vedtektssett på
35 påfølgjande fylkesårsmøte.

36 Fylkeslaget sine vedtekter vert endra av fylkesårsmøtet når minst to tredeler stemmer for det.
37 Forslag til vedtektsendringar skal på førehand leggjast fram for fylkesstyret og sendast ut
38 seinast innan ein månad før fylkesårsmøtet til dei tilknytte organisasjonar sine fylkesstyre og
39 Venstre sine lokallag i fylket. Før endringane trer i kraft må dei vere godkjent av sentralstyret
40 i Venstres. Eit eventuelt avslag på godkjenning i sentralstyret kan ankast til landsstyret.

41

42 **§ 8. SAMANSLÅING**

43 Fylkeslaget kan slå seg saman med eitt eller fleire fylkeslag til éin organisasjon ved 2/3-flertal
44 og elles etter nærmare føresegner i VHO sine vedtekter. Eit slikt regionlag må i vedtekten
45 ivareta de organisatoriske løysningar som er nødvendige i forhold til oppgåvene knytt til
46 nominasjon og innlevering av lister til fylkestingsval og stortingsval. Berre medlemmer som
47 har røysterett i det enkelte fylke kan vere med å setje saman lista for dette fylket.